



SGON OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Kulturstrategi 2015-2018

Vedteken i hovudutval for kultur 25.11.14



Innleiing

Kulturstrategien er det overordna styringsdokumentet for fylkeskommunen sitt kulturarbeid. Den er styrande for dei prioriteringane som vert gjort administrativt og politisk i fylkeskommunen. Strategien bygger på målsettingane i regional planstrategi for perioden 2013-2016 samtidig som den skal vise kulturen sin eigenverdi.

Strategien skal stimulere til utvikling av kulturfeltet i heile fylket, legge rammene for eit samarbeid med ulike partnarar og gi føreseielege vilkår for kommunane og regionale samanslutningar på kulturfeltet.

Sjølv strategien er kort og viser visjon og 4 mål fylkeskommunen ønskjer å arbeide mot.

Vi har 4 gjennomgåande perspektiv som skal fremjast i fylkeskommunen sitt kulturarbeid. I tillegg har vi 3 satsingsområde som fylkeskommunen prioritærer å arbeide med. Strategiane våre seier noko om korleis ein skal jobbe for å nå måla.

Kvar år vert det utarbeidd handlingsprogram. Dette viser konkrete tiltak og prioriteringar, ansvar og økonomi. Handlingsprogrammet vert utarbeidd/rullert på hausten som ein integrert del av budsjett- og økonomiplanarbeidet.



Mål

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fire kulturpolitiske mål i perioden 2015-2018.

Kultur har ein **eigenverdi**, og det er eit hovudmål å støtte og utvikle ulike kulturelle ytringsformer til beste for enkeltindivid og grupper av menneske i Sogn og Fjordane. Vi skal ta vare på og stimulere til utvikling av kulturuttrykk som er særskilde for vårt fylke.

Kulturlivet i Sogn og Fjordane bidreg til at **folketalet aukar** gjennom at fleire vel Sogn og Fjordane som bustad fordi dei bur i gode lokalsamfunn der dei har eit godt fritidstilbod, dei kan oppleve og delta i kulturlivet i lokalsamfunnet og har tilgang til kulturell infrastruktur¹ og kulturopplevingar på profesjonelt nivå.

Kulturlivet i Sogn og Fjordane er **berekraftig** gjennom eit variert kulturtildel og godt drivne organisasjoner. Fylkeskommunen vil arbeide for at innbyggjarane i Sogn og Fjordane har eit desentralisert kulturtildel med naturlege bu- og opplevingsregionar der alle har tilgang til kunst og kultur i kvardagen. Vi skal ha offentleg tilsette, kvalifiserte og kompetente kunst og kulturarbeidarar som samverkar med og løftar det frie og frivillige feltet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg til kulturutvikling lokalt, regionalt og nasjonalt og **fremjar fylket sine interesser**. Fylkeskommunen skal vere ei sterk stemme mot sentrale styresmakter og sette dagsorden for aktuelle regionale utfordringar og behov.

Ytringskultur - eit nytt kulturomgrep?

I Kulturutgreiinga 2014 tek Enger-utvalet² til orde for å gå vekk frå det utvida kulturomgrepet til ytringskultur som det kulturpolitiske omgrepet. Demokrati, rettferd og mangfold er grunnleggjande føringar for det nye omgrepet. Desse føringane gir også ei god retning for utviklinga av kulturpolitikken i Sogn og Fjordane.

«Ytringskulturen er eit romsleg kulturomgrep som femnar vidare enn det som gjerne vert omtala som finkultur eller høgkultur³».

Ytringskultur vert då den verksemda som har meiningskapping og kommunikasjon som hovudføremål, og som vi kan dele inn i tre grupper:

- Kulturarv (materiell og immateriell)
- Kunstarisk verksemd
- Det frivillige kulturlivet

I Sogn og Fjordane fylkeskommune sin kulturstrategi 2015-2018 vert fokus lagt på ytringskulturen.



Skulekonsert, Daisy Jopling, foto: Inger Træen

¹ Med kulturell infrastruktur meiner vi eit rammeverk for kulturlivet; at det finst kulturbygg/hus, formidlingsarenaer, frivillige lag og organisasjoner, kulturskule, bibliotek, møteplassar og nettverk, voksenopplæring, fritidsklubb, kyrkje/trussamfunn, anlegg for fysisk aktivitet, opne demokratiske prosessar og kulturopplevingar som konserter, kino osb.

² NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

³ Kulturutgreiinga 2014, kap 9.2.

Gjennomgåande perspektiv

Born og unge er morgondagens samfunnsbyggjarar

Tiltak og aktivitet retta mot born og unge vert prioritert i mykke av fylkeskommunen sitt arbeid og støtte. Det er viktig at born og unge i Sogn og Fjordane har dei same moglegheiter som born i resten av landet til å delta i kulturaktivitet der dei bur og å oppleve profesjonell kunst og kultur i lokalmiljøet. Det er særleg viktig å arbeide for å få born og unge til å bruke kulturtildoda og lære seg å vere publikum frå ung alder. Viktige aktørar her er skulane og Den kulturelle skulesekken, musea, bibliotek, kulturhus og formidlingsarenaer, knutepunktinstitusjonar og festivalar. Å delta i frivillig lagsliv er demokratiopplæring i praksis, og gir born og unge ressursar til seinare å vere ein aktiv bidragsytar til lokalsamfunn og storsamfunn. Fylkeskommunen si rolle er å bidra til ungdom si demokratiopplæring, tilrettelegging for kulturell aktivitet, yte tilskot og anna støtte til frivillig arbeid og å tilby profesjonelle kunst- og kulturopplevingar.

Den kulturelle grunnmuren gir tilgang til deltaking og oppleving

Kommunane er ansvarlege for institusjonane og strukturene som utgjer den kulturelle grunnmuren. Kulturutgreiinga definerer grunnmuren som den kulturelle infrastrukturen som gir heile befolkninga tilgang til kunst- og kultur for deltaking og oppleving. Hjørnesteinane er kunst- og kulturfag i opplæringa, kommunalt og frivillig fritidstilbod og lokalsamfunnet sine kulturelle arenaer. Den lokale kommersielle kulturproduksjonen (kunstnarar)⁴ og det å løfte den kunst- og kulturfaglege kompetansen i heile befolkninga høyrer også til grunnmuren. Funn i kulturutgreiinga fortel at den kulturelle grunnmuren forvirrar.

Fylkeskommunen si rolle vil vere å støtte opp om kommunane i deira arbeid. Vi vil særleg bidra til å styrke den lokale kunst- og kulturfaglege kompetansen både blant tilsette i offentleg sektor, frivillig sektor og private. Vi vil også saman med kommunar og frivillig sektor arbeide for å vidareutvikle tilbod til grupper som treng tilrettelegging, og legge til rette for at det vert produsert varierte kulturuttrykk i Sogn og Fjordane.

Nynorsk skiftspråk er eit fullgodt bruksspråk på alle samfunnsområde

Språk er grunnleggande for identitet. Det er gjennom språket vi uttrykker kven vi er og kva vi står for. Sogn og Fjordane fylke er det nynorske grunnfjellet. Her nyttar alle kommunane nynorsk som tenestemål, og 98 % av elevane er nynorskbrukarar. Dei største nynorskavisene ligg i Sogn og Fjordane. NRK nynorsk mediesenter og Nynorsk avis-senter utdannar journalistar med særleg kunnskap om bruk av nynorsk i media. I Sogn og Fjordane er nynorskbruken

stabil og til dels aukande, også i næringslivet. Nynorsk språk er likevel under press. Ein overveldande del av inntrykka vi tek imot kvar dag er på bokmål eller engelsk. Fylkeskommunen si rolle vil vere å byggje opp under nynorsk som aktivt bruksspråk, i eigen aktivitet og gjennom dei tenester vi produserer innan t.d. formidling av nynorsk språk og litteratur og DKS. Vi vil prioritere «Nynorskfylket» som eit forum som skal målbere nynorsk språk framover.



UKM, foto: Martin Andres Aasen Vikesland

Kulturtildod skal vere tilgjengelege for alle

Det er viktig at alle har høve til å gjøre seg nytte av kultur- og fritidstilbod, både å kunne ta del i kulturarrangement som konserter, teaterførestillingar o.l., og å kunne vere med på eit fast fritidstilbod. Mange er hindra frå dette på grunn av fysisk tilgjenge, økonomiske utfordringar, ulik etnisk bakgrunn, mangel på tilrettelegging og kunnskap om korleis ein kan gjøre seg nytte av eksisterande tilbod. Kulturinstitusjonane og møteplassane våre er «førstelineteneste» for publikum og kulturutøvarar. Universell tilrettelegging av desse er viktig for alle. Like viktig er det å fokusere på mangfold i deltakinga og i enkelte tilfelle målrette aktivitets- og opplevingstilbod til dei som treng det mest, som innvandrarar og flyktningar eller dei som brukar kulturtildoda lite i dag. Tverrfagleg samarbeid i offentleg sektor er utfordring og samstundes nøkkel til å lukkast. Fylkeskommunen sin rolle vil vere å skape møteplassar, formidle kunnskap og initiere utviklingsprosjekt slik at innbyggjarane som treng det får eit betre tilbod og meistrar eigen kvardag.

4 Jf. Kulturutgreiinga kap. 15.6

Satsingsområde 2015 -2018

Fylkeskommunen vil i planperioden ha særleg fokus på tre områder. Dette er:

- **Frivillig sektor**
- **Kulturarv**
- **Profesjonell kunst og kultur**

Frivillig sektor - bygge samfunnet frå botnen av

Frivillig aktivitet har stått - og står framleis - sterkt i Sogn og Fjordane. Likevel viser undersøkingar på nasjonalt nivå at frivilligheita forvitrar, og tek nye spor. At lagslivet endrar seg, treng ikkje å vere negativt, så lenge aktiviteten vert oppretthalden på rett nivå og stettar innbyggjarane sine behov. Fylkeskommunen forheld seg til regionale lag og organisasjonar som fylkesledd og fylkesomfattande kulturorganisasjonar.



Dugnad, Foto: Birthe J. Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid vil vere å:

- bidra til å styrke den frivillig aktiviteten i fylket gjennom driftsstøtte til laga sin eigenaktivitet. Fylkeskommunen prioriterer særleg lag og organisasjonar som arbeider med og for born og unge.
- utfordre frivillig sektor til å bidra til å arbeide for å oppnå regionale mål. Difor vert det inngått utviklingsavtalar med enkelte lag der dei i tillegg til å ha rammer for å utvikle ordinær aktivitet også arbeider med løysingar på utvalde utfordringar i fylket eller regionen.

Kulturarv - for samfunnsutvikling, trivsel og identitet

Kulturarvfeltet er vidt, mangfaldig, og det er mange som arbeider med feltet, både som frivillige og i institusjonar. Kulturarv, kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar for kunnskap, oppleveling og bruk. Dei kan gi grunnlag for kulturell, sosial, økonomisk og miljøvennleg utvikling og verdiskaping i lokalsamfunna. Å ta vare på kulturminna er ein viktig del av samfunnsbygginga, for trivsel og identitet. Vi arbeider på mange nivå og med ulik tilnærming. For fylkeskommunen er kulturarvfeltet både ei forvaltningsoppgåve og eit område for utviklingsarbeid der det også er store moglegheiter for verdiskaping.



Gamalt trehus, foto: Elisabeth Haugland

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid vil vere å:

- styrke utvikling og forvaltning av kulturminneressursane. Arbeidet med offentlege og private arkiv, verdiskapingsprosjekt og lokale kulturminneplanar er særleg vektlagt i verksemda retta inn mot kommunane og andre lokale aktørar.
- ta vare på Sogn og Fjordane sine verdsarvområde.
- saman med Gulen kommune forvalte tusenårsstaden Gulatinget som arnestad for demokratiet.
- sikre musea i fylket som vår felles hukommelse. Dei er samfunnsinstitusjonar med vekt på innsamling, forvaltning, forsking, formidling og diskusjon.
- ta vare på det særegne innan folkemusikk- og dansetradisjonane i fylket.



Skulekonsert, foto: David Zadig

Kunst og kultur - skapande og byggande krefter

Kunst og kultur har eigenverdi. Å uttrykke seg gjennom å skape kunst aleine eller å delta i ei gruppe har byggande kraft. Å oppleve eit kunstuttrykk som publikum med dei refleksjonar dette set i gang, gjer noko med mennesket. Samvirket mellom dei profesjonelle og det frivillige lagslivet er viktig for å heve kulturtilbodet i fylket, og er med på å styrke den kulturelle grunnmuren. Samtidig kan ein også sjå ein instrumentell verknad av kunst og kultur ved å løfte fram innovasjon og kreativitet som viktig reiskap for næringsliv og lokalsamfunn. Gjennom å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket, kan vi bidra at det vert skapt kunst som kan formidle vår eigenart og identitet.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid vil vere å:

- stimulere til at kommunane har eit variert utval av tilsette i kulturskular og i kommunen elles, og i kulturstitjonar som museum, kulturhus og festivalar.
- arbeide for å støtte og utvikle tilbod til det friefeltet slik at kunstnarar vel å bu i Sogn og Fjordane.
- syte for at vi har gode institusjonar i fylket som fyrtårn for kulturen.
- arbeide for å styrke lokale utøvarar og produksjonsmiljø og bidra til å fylle kulturhusa med eigenproduserte/ lokalproduserte kulturtilbod.
- oppretthalde eit godt nivå på tilbod som UKM og DKS i heile fylket



Foto: flickr.com/iDebate

Strategiar

For å oppnå måla om å styrke vilkåra i kulturlivet og utvikle ein berekraftig kulturpolitikk vel Sogn og Fjordane fylkeskommune å legge vekt på desse strategiane i vårt eige arbeid:

- **Digital formidling**
- **Kunnskap og kompetanse**
- **Regional utviklar**
- **Samarbeid og partnarskap**

Digital formidling

Kunnskapsdelen er eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen. Arkivmateriale, faglitteratur, fakta, kulturstatistikk, kjeldesamlingar og liknande skal formidlast via nye formidlingskanalar. Vi skal utvikle gode og oppdaterte digitale tenester, åleine og i samarbeid med andre fagmiljø. Vi skal arbeide for ein open delingskultur og i størst mogleg grad bruke opne lisensar for innhald som vert delt digitalt. Fylkeskommunen skal bidra til at digitalisert innhald er tilgjengeleg for flest mogleg, og skal tolke Åndsverksloven med vekt på brukarane sine rettar og interesser. Alle tilsette skal ha god kompetanse på digital kulturformidling. Tenestene skal vere universelt tilrettelagt.

Kunnskap og kompetanse

For å ta gode avgjerder må ein bygge på kunnskap og innsikt om faktiske forhold. Å avdekke fakta om fagområde, initiere forsking der ein treng det og å dele denne kunnskapa pen er prioritert. Kombinert med praktisk erfaring vil dette heve kvaliteten på alt kulturarbeid i fylket. Den største ressursen er dei tilsette og deira kvalifikasjonar og kompetanse. Det er viktig å foredle og utvikle den kompetansen vi har i dag gjennom høve til fagleg utvikling og oppdatering. Vi skal rekruttere og stimulere kunnskapsrike medarbeidarar med høg kompetanse. Vi skal også søkje etter utfyllande kompetanse når vi rekrutterer nye medarbeidarar.

Regional utviklar

Både i dag og i framtida vil arbeidet til kultursektoren bestå av ei blanding av oppgåver med ulik innfallsinkel; forvalting, tenesteleverandør og finansieringskjelde. Men i alt slikt arbeid skal vi søkje utvikling, nyskaping og betre måtar å løyse oppgåvene på. Å vere ein utviklar inneber å stadig leite etter det beste handlingsrommet og dei rette prioriteringane for å oppnå måla i kulturstrategien.

Planar og handlingsprogram for alle større fagfelt skal styre prioriteringane og få i gang aktivitet. Dei skal gi føreseielege tilhøve for samarbeidspartane våre.

Kommunen si overordna planlegging går føre seg i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kulturfeltet er ein del av

samfunnsdelen. Fylkeskommunen vil arbeide for at kommunane er merksame på dette fagfeltet også i overordna planlegging, og utarbeide gode strukturar som sikrar at tema fra kulturfeltet er ein del av samfunnsdelen.



Kvinne med tuba, foto: David Zadig

Samarbeid og partnarskap

Aktuelle partnarar er kommunane, regionale lag og organisasjonar og institusjonane. Gjennom forpliktande utviklingsavtalar skal ein skape godt kulturarbeid i fylket, gode samarbeidsrelasjonar og måloppnåing. Vi skal likevel vere tilbakehaldne med å bruke utviklingsavtalar/stille motkrav for tildelingar mot frivillige lag og organisasjonar. Fylkeskommunen vil delta i regionale og nasjonale nettverk og medverke til å etablere møteplassar. Her kan vi etablere god informasjonsutveksling, koordinere ulike prosjekt/tiltak, syte for fagleg utvikling, aktiv kulturformidling, kulturproduksjon, universell tilrettelegging og arena for kreativitet og nyskaping.

Gjennom eigarskap og styredeltaking vil fylkeskommunen påverke utviklinga av ulike kulturinstitusjonar og tiltak. Institusjonane skal innanfor samfunnsoppdraget sitt utvikle si eiga form og sin eigen måte å produsere og formidle god kunst og kultur på til innbyggjarane.

I tillegg vil vi bidra til fagleg oppdatering og kunnskap gjennom å arrangere kurs og samlingar. Vi vil også bringe relevante utfordringar på dagsorden der dette er naudsynt.

Fylkeskommunen vil arbeide for føreseielege rammer for partnarskap gjennom planarbeid og økonomiske stønadsordningar.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no